

ÅRSPLAN

2023 - 2024



SLIDRE BARNEHAGE

Vestre Slidre kommune

Innhold

Innleiing	2
Om barnehagen.....	3
Informasjonsrutinar:.....	3
Kontaktinformasjon:.....	3
Råd og utval barnehageåret 2023 – 2024	3
Generell informasjon.....	4
Bringing og henting av barn:	4
Mat:	4
Soving:	4
Turdagar:	4
Besøksdagar:	4
Bursdagar:	4
Skuleklubben:	4
Juleførebuingar:	4
Sommarfest:	4
Trafikksikkerheit:	4
Satsingsområde barnehageåret 2023 – 2024 Barnehagens verdigrunnlag	5
Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse	5
Tiltak:	5
Barnehagen skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar	5
Tiltak:	5
Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid.	5
Tiltak:	5
Tilvenning i barnehagen	6
Vennskap og fellesskap	6
Barns medverknad.....	6
Omsorg, leik, læring og danning.....	7
Overgangar	7
Foreldresamarbeid	7
Livsmeistring og helse	8
Vegen mot Slidre kulturbarnehage	9
Årshjul aktivitetar i Slidre kulturbarnehage 2023 – 2024	10

Innleiing

Velkomne til eit nytt barnehageår, og spesielt velkommen til alle nye barn og foreldre! Vi i personalet ser fram til eit aktivt og innhaldsrikt år i lag med barna dykkar, der glede, latter, leik og fellesskap står i sentrum kvar dag.

Barnehagens årsplan er utarbeidd på grunnlag av lov om barnehagar med føresegner og overordna plan for barnehagane i Vestre Slidre 2020-2024. Den viser korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver. Planen beskriv også korleis vi jobbar for å nå barnehagens eigne mål og satsingar:

- Barnehagen skal opplevast som ein trygg og god stad å vere og skal ivareta barndommens eigenverd.
- Barnehagen skal fremje livsmeistring og helse.
- Barnehagen skal møte alle barn som individ med respekt for barnets opplevelsesverden.
- Barnehagen skal fremje samarbeid og samhandling.

Dei tilsette i barnehagen nyttar årsplanen som eit arbeidsdokument. Kvar avdeling utarbeidar i tillegg eigne månadsplanar som beskriv korleis barnehagen jobbar med dei konkrete aktivitetane for å nå måla i årsplanen. I tillegg til årsplanen er det utarbeidd ein progresjonsplan for dei ulike aldersgruppene, som er knytt opp mot rammeplanen og dei ulike fagområda.

Årsplanen skal sikre kvaliteten på tilbodet og utviklinga av barnehagen som ein lærande organisasjon. Den skal også gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid, og gje foreldra høve til å påverke barnas kvardag. Eit nært og ope samarbeid mellom barnehagen og foreldra er ein grunnleggjande føresetnad for barnets trivsel og utvikling, og saman har vi eit felles ansvar for at alle barn har ein kvardag prega av trivsel, glede og utvikling.

Barnehagens årsplan blir fastsett av barnehagens samarbeidsutval.

I Slidre barnehage jobbar vi ut i frå eit heilskapleg syn på barn. Dette betyr at det einkilde barns utvikling blir sett som eit dynamisk og gjensidig samspel mellom barnets føresetnader og det miljøet som dei er ein del av. Vi ynskjer å tilby alle barn eit trygt, variert og utfordrande læringsmiljø, uansett alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn. Alle barn skal få kjenne seg som ein likeverdig del av barnehagens fellesskap, og bli møtt og anerkjent som den dei er. Slik kan dei utvikle trygghet på seg sjølv og på eigen identitet.



Om barnehagen

Slidre barnehage er ein kommunal barnehage godkjent for 54 plassar.

Vi har 3 avdelingar;

Knerten: Barn i alderen 1-2 år

Raketten: Barn i alderen 2-4 år

Spretten: Barn i alderen 4-6 år

Informasjonsrutinar:

Informasjon frå barnehagen til føresette vil bli lagt ut fortløpande i «Min Barnehage – foresatt».

Dette er eit nettbasert kommunikasjonsverktøy som kan nyttast både av barnehagen og føresette, og her finn de mellom anna informasjon om aktivitetar på avdelinga, planar, nyheitsbrev og beskjedar.

Her kan føresette også legge inn beskjedar til barnehagen. Portalen kan lastast ned som App på mobiltelefonen via App Store eller Google Play.

Kontaktinformasjon:

I tillegg til å nytte «Min Barnehagen – foresatt» er det mogleg å nå oss på ulike måtar:

Adresse: Viovegen 14, 2966 Slidre

Telefon:

Avd. Knerten: 46 88 61 30 (07:30 – 17:00)

Avd. Raketten: 46 86 65 40 (07:30 – 17:00)

Avd. Spretten: 46 84 96 40 (07:30 – 17:00)

Kontor/styrrar: 94 80 38 24 (08:00 – 14:00)

E-post:

Slidre barnehage: slidre.barnehage@vestre-slidre.kommune.no

Styrrar, Kristin Bråten Tvenge: Kristin.Braten.Tvenge@vestre-slidre.kommune.no

Råd og utval barnehageåret 2023 – 2024

Foreldreråd:

Alle foreldre i barnehagen er automatisk med i foreldrerådet.

Samarbeidsutval:


Leiar: Marte Flemmen Trøsvik (foreldrerepresentant), tlf.: 48107627

Nestleiar: Sigrid Johanne Hovda (foreldrerepresentant), tlf.: 41489430

Personalrepresentant: Ingrid Rogn tlf.: 97578607

Personalrepresentant: Silje F.Øyen tlf.: 97777815/ Anne Gustavsen Tlf.: 45095702

Styrrar/sekretær: Kristin Bråten Tvenge, tlf.: 94 80 38 24



Generell informasjon

Bringing og henting av barn: Barna skal være komne til barnehagen innan kl. 09:30, om vi ikkje har fått annan beskjed. Kjernetida er frå 09:30 – 14:00, då har vi aktivitetar og opplegg i og utanfor barnehagen. Kjem barnet etter kl. 09:30 lyt barnet følgjast av foreldra dit barnegruppa er.

Dersom andre enn føresette skal hente barnet lyt vi få beskjed om dette. Sjølv om det er kjekt å bli henta av sysken eller liknande er det viktig at det er med ein vaksen og hentar barnet, både med tanke på sikkerheit og informasjonsutveksling. Barnehagen stenger kl. 17:00. Vi ber alle respektere opningstidene. Ved henting etter 17:00 er det vedteke gebyr pr. påbyrja halvtime på kr. 150,-. Ved 2. og 3.gongs forseinking kr. 300,- og ved fleire/lengre forseinkingar kr. 500,-.

Mat: Dei som ynskjer å ete frukost i barnehagen kan ha med seg dette fram til kl. 08:30. Dei som kjem etter dette har ete heime. Barnehagen serverer eit smøremåltid til lunsj, nokon gonger varm mat. I tillegg serverast eit lett mellommåltid kl. 14:00. Barna må ha med eigen drikkeflaske. Minnar om at det ikkje er lov å ha med seg mat som inneheld nøtter eller spor av nøtter i barnehagen, samt vask av hender når ein kjem i barnehagen om morgonen.

Soving: Barna søv i eigen vogn ute, evt. Inne om foreldra ynskjer det. Ein eigen sovevakt har ansvar for å følgje med på dei som søv.

Turdagar: Vi er glade i å gå på tur, og tek stadig småturar rundt om i nærmiljøet. I tillegg har vi ein hausttur for skuleklubben og ein eigen ski- og akedag.

Besøksdagar: Nokre dagar i året inviterer vi føresette på besøk slik at barna kan få vise fram barnehagen sin.

Bursdagar: Når eit barn har bursdag skal han/ho få være midtpunktet i barnegruppa. Vi flaggar i barnehagen, lagar bursdagskrone, syng bursdagssong, og skyt opp «rakettar». Til eit av måltida får bursdagsbarnet sjølv velje ut ein rett frå bursdagsmenyen vår.

Skuleklubben: 5-åringane våre har eige gruppetid fast ein dag i veka, der dei held på med ulike aktivitetar. Målet er fyrst og fremst at dei skal bli godt kjende og trygge på kvarandre før dei byrjar på skulen.

Juleførebuingar: I desember blir det juleførebuande aktivitetar med blant anna adventssamling, juleverkstad, julebakst og anna førjulskos. Skuleklubben går luciatog, og foreldra deira er velkomne til å vere med å sjå på. Vi arrangerer også eit julebord for alle barna, der dei kan kome i finstasen den dagen og nyte god mat. I tillegg har vi ein nissefest der vi kler oss i raude klede (for dei som ynskjer det) og et julegraut.

Sommarfest: I juni arrangerer foreldrerådet sommarfest for heile barnehagen. Dette er ei markering av at vi snart er ferdige med barnehageåret, og at dei eldste barna snart skal slutte i barnehagen og byrje på skulen. Festen foregår i barnehagen.

Trafikksikkerheit: Vestre Slidre er ei «trafikksikker kommune», med eit godt system for trafikksikkerheitsarbeidet. Barnehagane har eigne rutinar for når barna er på tur, som alle er pålagt å følgje. Vi har og ein eigen rutine for parkering, som alle tilsette og føresette skal følgje.

Satsingsområde barnehageåret 2023 – 2024

Barnehagens verdigrunnlag

Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Mål:

- Sikre at alle born blir inkludert i eit trygt og godt demokratisk barnehagemiljø, der det er rom for mangfald og likestilling.
- Væra merksame på, og jobbe for å oppdage vald og overgrep mot barn. Fremje berekraftig utvikling.
- Sikre barns psykiske og fysiske helse.

Tiltak:

- Vi skal legge til rette for barns medverknad, god kommunikasjon, positiv relasjonsbygging og eit godt foreldresamarbeid.
- Ved kunnskap, kompetanse og relasjonelt mot, skal vi evne å avdekke ulike valdelege handlingar mot barn, samt oppfølging.
- Vi skal gi borna opplevingar for å bli kjende med seg sjølv, mangfaldet, og tilhøyrslø i naturen.
- Vi skal bidra til barnas trivsel, meistring og følelse av eigenverd og forebygge krenkelsar og mobbing.

Barnehagen skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar.

Mål:

- Vi skal jobbe målretta for barns beste.
- Barnehagen skal sikre ein god barndom.

Tiltak:

- Vi skal møte barnets behov for omsorg, anerkjening og tilhøyrslø, ved å kjenne til, og praktisere styringsdokumenta.
- Vi skal legge til rette for leikens eigenverdi, omsorg, læring og danning, ved å væra deltakande og aktive vaksne.

Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid.

Mål:

- Barnehagen skal væra ein lærande organisasjon, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid.

Tiltak:

- Vi skal, gjennom kritisk refleksjon, kollektiv læring og endring av pedagogisk praksis, sikre at alle barn får eit barnehagetilbod av høg kvalitet, som dokumenterast ut til føresette.
- Dette visast gjennom årsplanen, månadsplanar og den digitale plattformar.

Tilvenning i barnehagen

Mål:

- Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.
- Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

Tiltak:

- Vi har ei eiga rutine for oppstart som føresette får tilsendt i forkant.
- Kwart barn får tildelt ein primærkontakt når dei startar i barnehagen.
- Vi møter barn og foreldre på ein støttande og anerkjennande måte, og legg til rette for ein open og ærleg dialog gjennom heile utdanningsløpet i barnehagen.
- Vi gir borna tid og rom for å skape gode relasjonar, samt ein omsorgsfull, trygg og god start.

Vennskap og fellesskap

Mål:

- Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.
- Alle barn skal erfare å væra viktige for fellesskapet og oppleve eit positivt samspel med andre barn og vaksne.

Tiltak

- Vi har ei eiga rutine for oppstart som føresette får tilsendt i forkant
- Vi støttar og rettleier barn i leik, og hjelper dei til å utvikle venskap og gode relasjonar.
- Vi styrker inkluderinga ved å dele inn i små grupper med ulike samansetningar.
- Vi samtalar med borna om normer og reglar i barnehagen.
- Vi støttar borna i å setje eigne grenser, samt respektere andre sine grenser.
- Vi skal førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster.

Barns medverknad

Mål:

- Barnehagen skal leggje til rette for at barna får medverke i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda.
- Ein skal vektleggje synspunkta til borna i samsvar med alder og modning, ein måte tilpasse oppgåva/ansvaret til kvart enkelt born.

Tiltak:

- Vi er bevisste på dei ulike uttrykksformene til barna og ut frå desse legg vi til rette for barnas medverknad.
- Vi legg til rette for ulike aktivitetar og leiker i løpet av barnehagedagen, slik at borna kan velje kva dei vil leike med ut i frå interesser, alder og meistring.
- Vi er både inne og ute i løpet av barnehagedagen slik at borna kan væra med på å medverke i ulike leikemiljø og situasjonar.
- Vidareføre ordninga med fokusbarn på avdelingane.

Omsorg, leik, læring og danning.

Mål:

- Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.
- Alle barna skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for.
- Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdi skal anerkjennast. Leiken skal være ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.
- Barnehagen skal la barna oppleve eit stimulerande miljø som fremmer nysgjerrigheit, kreativitet og lærelyst, og bidreg til å leggje grunnlag for deltaking i eit demokratisk fellesskap.

Tiltak:

- Vi har barnets opplevelsesverden i fokus ved å vise openheit, interesse, omsorg, og være lydhør ovanfor kvart enkelt barn og barnegruppa.
- Vi skal leggje til rette for og verne om den frie leiken, og bidra til at barna får felles opplevingar som grunnlag for leik.
- Vi skal støtte og berike barnas initiativ, nysgjerrigheit, kreativitet og læringslyst.
- Vi skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne.
- Vi er bevisste på vaksenrolla i leiken og er aktivt deltakande gjennom heile dagen.
- Vi skal ha ein heilskapleg tilnærming til barnet der omsorg, leik, læring og danning skal sjåast i samheng.

Overgangar

Mål:

- Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn, personale, rom og rutinar når eit barn byter avdeling i barnehagen.
- Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang mellom barnehage, skule og sfo.

Tiltak:

- Vi inkluderer borna i overflyttingsprosessar. La dei besøke ny avdeling for å bli kjente og trygge på den nye avdelinga saman med born og tilsette.
- Vi informerer foreldre i god tid før overgang til ny avdeling, og har ein god dialog om overgangen undervegs.
- Eigen rutine for overgang barnehage – skule gjennom heile barnehageåret.

Foreldresamarbeid

Mål:

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- Barnehagen skal bidra til at foreldra får medverke i barnehagekvardagen. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet trivst og utviklar seg.
- Samarbeidet skal alltid ha barnets beste som mål.

Tiltak:

- Vi skal være profesjonelle og tydelege i møte med foreldre, og ha ein god og open dialog i kvardagen.
- Vi skal vise respekt og interesse for foreldras behov og innspel, og samstundes kunne grunnkje våre vurderingar.
- Vi skal utøve relasjonelt mot, og vektlegge barnets stemme.
- Vi involverer foreldre heilt frå start ved bekymringar og ved behov for samarbeid med andre instansar.
- Alle foreldre inviterast til foreldremøte og utviklingssamtale to gonger årleg. Vi legg også til rette for fleire samtalar ved behov.
- Vi har eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, med minimum 2 møter årleg.

Livsmeistring og helse

Mål:

- Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og kjensle av eigenverd. Barnas psykiske og fysiske helse skal fremjast.
- Barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.
- Barnet skal få ro, kvile, og avslapping i løpet av barnehagedagen.
- Personalet skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage omsorgssvikt, vald og overgrep.

Tiltak:

- Vi er trygge og pålogga vaksne som møter alle barn med anerkjenning og omsorg, er løysingsfokuserte og gler seg saman med dei. Humor og glede skal prege kvardagen.
- Vi skal støtte barnet i å meistre motgang, takle utfordringar og setje ord på egne kjensler.
- Vi gir barna eit variert tilbod, med både fysisk aktivitet og kviletid kvar dag. Vi let barna bidra i matlaging, og barnehagen skal lage sunn, variert og næringsrik mat.
- Alle tilsette har kunnskap om omsorgssvikt, vald og overgrep, og kjenner til den personlege opplysningsplikta. Samlingar og samtaler med temaet kroppen, eige tema i samarbeid med helsestasjon.

Vegen mot Slidre kulturbarnehage

Vi er i ein endringsprosess der målet er å ende opp som «Slidre kulturbarnehage». Vår hovudmål er at borna gjennom leik skal få oppleve natur, kunst, tradisjonar, nærmiljø og samfunn. Vi er framleis i oppstartsfasa, men i løpet av barnehageåret som kjem, skal vi væra på god veg. Vi gleder oss!

NATUR:

Borna skal få oppleve og utforske naturen gjennom årstidene. Vi har flotte naturområde rett utanfor døra som verkeleg legg til rette for bevegelsesglede. Vi har grillhytte og gapahuk vi kan nytte. Om våren vaknar planter til liv og småkrypa tittar fram, vi sår i pallekarmar og fyljer med på prosessen utover året. Sumaren byr på blomar på bakken, småkryp under steinane og husdyr på jordene rundt oss. Om hausten er det tid for hausting av mange slags bær og blada fell etter kvart på bakken. Vinteren kjem med med snø, kulde, trekkfuglar og elg som dukkar opp på besøk. Det er spennande oppleve, utforske og få kjennskap til naturen rundt oss.

KUNST:


Borna skal få moglegheit til å utfolde seg kreativt og få kjennskap til ulike måtar å uttrykke seg på. Barnehagen ynskjer å slå eit slag for song og musikk i barnehagen, då dette er eit universelt språk som gjer noko med oss – både små og store. Alt ligg til rette for dette gjennom eit godt samarbeid med den gode kulturskulen vi har her i kommunen. Året som kjem vil det bli eit samarbeid der vi skal ha musikk i barnehagen. I løpet av året vil alle avdelingar få tid saman med Marit Warberg Vestheim, eit flott og engasjerande opplegg for borna. Vi ser også fram til eit spennande, utforskande og fargerikt samarbeid med Torill Glimsdal til vinteren. Vi kjem også til å få besøk frå kulturskulen der dei vil halda nokre mini-konsertar for oss, vi gleder oss!

TRADISJONAR:

Vi skal få kjennskap til tradisjonar og levesett, både lokalt og internasjonalt. Lokalt kan vi nemne segn, songar, matkultur og dialekt. Samstundes skal vi bli betre kjent med verda rundt oss, mellom anna gjennom FORUT-aksjonen og bli kjent med dei ulike nasjonalitetane vi har representert i barnehagen. Viktig er det å vise interesse for kvarandre, og ei forståing og respekt for at vi både kan væra like og ulike.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Heldige er vi som held til «midt i smørauget», alt ligg til rette for at vi skal bli kjent med nærmiljøet og samfunnet rundt oss. Vi har kort veg til kommunesenteret og bibliotek, det er flott ta turen for å utforske og for å låne bøker på biblioteket. Skulen og kulturhuset er også rett nede i bakken, det er fint kunne ta turen til gymsalen, skulen og nytte uteleikeplassane. Mykje læring er det også i å ta turen til Coop Prix på ein liten handletur, det same med ein tur innom banken. Helsetunet ligg rett bort i vegen, der eit samarbeid er på trappene. Barnehagen har fylgt byggeprosessen på nært hald, og i haust blir det omvising av det nye bygget. Kanskje dukkar det opp ei lita kunstutstilling av barnehageborna i dei nye lokala deira.





Årshjul aktiviteter i Slidre kulturbarnehage 2023 – 2024

Månad:	Aktivitet/hending:	Dato:
August	Tilvenning	Veke 34 – 37
September	Foreldremøte	Måndag 4.september
	Friluftslivets veke	Veke 36
	Sikkerhetsveker, brannøving	Veke 37-38
	Fjelltur skuleklubben, med Røn naturbarnehage.	Tysdag 12.september
Oktober	Internasjonale veker. Forutaksjonen.	Veke 39-40
	Verdsdagen for psykisk helse.	10.oktober
	SU-møte	Dato kjem.
	Utviklingsamtaler	Veke 42: Raketten Veke 43, 44: Spretten Veke 45: Knerten
November	Planleggingsdag, barnehagen er stengt.	24.november
Desember	Julebord for barna	Onsdag 6.desember
	Julevandring for skuleklubben	Dato kjem.
	Skuleklubben går Luciatog.	Onsdag 13.desember
	Nissefest og førjulsgraut.	Tysdag 19.desember
	Siste barnehagedag før jul.	Fredag 22.desember
Januar	Planleggingsdag, barnehagen er stengt.	2.januar.
	Fyrste barnehagedag etter jul og nyttår.	3.januar
Februar	Samefolkets dag.	Tysdag 6.februar
	Utkledningsdag	Fredag 23.februar
	Overgang bhg - skule: skulebesøk	Veke 8
	Tilvenning i vatten, skuleklubben	Veke 9
Mars	Tilvenning i vatten, skuleklubben	Veke 10, 11, 12
	SU-møte:	Dato kjem.
	Overgang bhg – skule: skulebesøk	Veke 11
	Påskeferie – barnehagen er stengt	F.o.m. 25.03.24 t.o.m. 01.04.2024.
April	Tilvenning i vatten, skuleklubben	Veke 15, 16, 17, 18
	Utviklingsamtaler	Spretten: Veke 15, 16 Knerten: Veke 17 Raketten: Veke 18, 19.
	Brannøving	Veke 17
	Foreldremøte	Dato kjem.
	Overgang bhg – skule, skulebesøk	Veke 16
Mai	Frist for å melde ferie for born i Visma, «Min Barnehage – foresatt».	1.mai
	Øve på å gå i 17.mai-tog. Foreldrerådsrep.ansvar for å ta m/fana til kyrkja 17/5	Torsdag 16.mai
	Innskulingsdagar	Datoar kjem seinare
	Barnehagen er stengt 1/5, 9/5, 17/5 og 20/5.	1.mai, 9.mai, 17.mai, 20.mai.
Juni	Sommaravslutning. Skulegruppeforeldre invitera og er ansvarlege for gjennomføring.	Dato avklarast seinare.
	Tur til Vaset for Spretten.	Dato avklarast seinare.
	Foreldremøte for skulestartarar, 1.kveld.	Dato avklarast seinare.
	Ferieavvikling, barnehagen er stengt veke 29 og 30.	Veke 29 og 30.

